

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Vår dato: 20.12.2023  
Vår referanse: 23/68541 - 1  
Deres dato:  
Deres referanse:

## **Oversending av hjelpeskjema til KOSTRA landbruk for rapporteringsåret 2024**

Vi viser til tidlegare års utsending av hjelpeskjema for kommunane si rapportering gjennom KOSTRA landbruk.

For å lette kommunane sitt arbeid med rapportering gjennom KOSTRA, har Landbruksdirektoratet også i år utarbeida eit hjelpeskjema i Excel-format der ein fortløpande kan føre inn behandla søknadar etter jordlov og konsesjonslov, og kva som vart utfallet av desse. Hjelpeskjemaet omfattar også fane for omdisponert areal frå reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Vi ber om at statsforvaltarane snarast mogleg vidaresender hjelpeskjemaet i Excel-format til kommunane.

Dersom kommunane nyttar hjelpeskjemaet fortløpande gjennom heile 2024, vil arbeidet med den årlege rapporteringa på dette området bli enklare enn om ein må hente ut dei aktuelle sakene frå arkivet mot slutten av året.

Det er frivillig for kommunane å bruke dette hjelpeskjemaet, men vi anbefaler at kommunane tek det aktivt i bruk. Dette både av omsyn til kvaliteten på dei innrapporterte opplysningane og fordi det vil redusere arbeidsbyrda for kommunane ved rapporteringstidspunktet.

Vi minner om NIBIO sin KOSTRA-applikasjon som kan vere eit nyttig verktøy i rapporteringa til kommunane. Applikasjonen kan også nyttast i forbindelse med plansaker, konsekvensutgreiingar eller enkeltsaker etter jordlova. Verktøyet er implementert i kartportalen [Kilden](#). NIBIO har [informasjon](#) om tenesta og [brukarretteiing](#) på sine sider.

Med hilsen  
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting  
seksjonssjef

Oda Andrea Gundersen Rolfsjord  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger derfor ingen signatur.

Mottakere:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Pb 2520	6404	MOLDE
Statsforvaltaren i Rogaland	Pb 59	4001	Stavanger
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statsforvalteren i Agder	Pb 504	4804	ARENDAL
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Statsforvalteren i Nordland	Pb 1405	8002	BODØ
Statsforvalteren i Oslo og Viken	Pb 325	1502	MOSS
Statsforvalteren i Troms og Finnmark	Postboks 700	9815	VADSØ
Statsforvalteren i Trøndelag	Pb 2600	7734	STEINKJER
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Pb 2076	3103	TØNSBERG

Vedlegg:

Hjelpeskjema-2024